



DET KONGELEGE KYRKJE-,
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 21

(2000-2001)

Styrt val i 4. studieåret i allmennlærarutdanninga

*Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av
21. desember 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Bakgrunn

Regjeringa foreslår i denne meldinga at vedtaket om å styre studentane sitt fagval i 4. studieåret i allmennlærarutdanninga blir avvikla.

Ved behandling av St. meld. nr. 48 (1996-97) Om lærarutdanning og Innst. S. nr. 285 (1996-97) gjekk eit fleirtal på Stortinget (medlemene frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti) inn for ny hovudmodell i allmennlærarutdanninga. Modellen innebar mellom anna at matematikkfaget vart utvida frå 5 til 10 vekttal og at faget kristendomskunnskap med livssynsorientering på 5 vekttal vart erstatta med kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering på 10 vekttal. Omfanget av bundne fag vart såleis utvida frå 50 til 60 vekttal. Fleirtalet såg det som viktig at ikkje meir enn 60 vekttal vart bundne til obligatoriske fag fordi det kunne gjere valfridommen for liten og ha uheldige verknader både for studentar og fagmiljø ved utdanningsinstitusjonane. Fleirtalet fann derfor ikkje plass til engelsk innanfor dei obligatoriske faga. For å sikre at ein god del studentar likevel vel engelsk, gjekk fleirtalet inn for at den valfrie delen på 20 vekttal i 4. studieåret får to alternativ for studentane. Alternativ 1: 20 vekttal fritt val og alternativ 2: 10 vekttal fritt val + 10 vekttal styrt til engelsk. Den nye modellen inneber at allmennlærarstudentane berre kan velje eitt fag fritt i valfri del. Etter den tidlege modellen kunne dei velje inntil 3 fag på 10 vekttal. Fleirtalet meinte departementet kunne endre styring av fagval til andre fag enn engelsk om det skulle syne seg naudsynt.

Også komitéens ulike mindretal hadde forslag om styrking av engelskfaget i lærarutdanninga, jf. Innst S. nr. 285 (1996-97).

Alternativet med 10 vekttal styrt til engelsk skulle ikkje gjelde for fordjupingslinjer.

Framleggget frå Stortinget om styrt val, i første omgang til engelsk, vart følgjt opp av departementet ved fastsetjing av rammeplan for allmennlærarutdanning 1. juli 1999. Hausten 2001 vil det første studentkullet som er utdanna etter ny modell starte på 4. studieåret, d.v.s. den valfrie delen av utdanninga.

På bakgrunn av at sektoren viste til uheldige konsekvensar av styrt val i 4. studieåret, sa departementet i St. meld. nr. 12 (1999-2000) . . . og yrke skal båten bera . . .:

«Innføringa av eit slikt bunde val 4. studieåret har konsekvensar når det gjeld høgskolane sitt fagtilbod i den valfrie delen, særleg med tanke på ikkje-obligatoriske fag som samfunnsfag, praktiske og estetiske fag og naturfag. Eit bunde val har i tillegg konsekvensar for institusjonane sine fagmiljø og avgrensar studentane sine høve til val. Konsekvensane av ordninga med styrt val 4. studieåret vil derfor bli følgde av departementet.»

Komitèens fleirtal, medlemene frå Arbeiderpartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, meinte i Innst S. nr. 120 (1999-2000) blant anna at struktur og innhald i lærarutdanninga har innverknad på om ungdom søker til høgskolane for å utdanne seg til lærarar. Fleirtalet viste til at ein er i ferd med å gjennomføre ei ny reform i lærarutdanninga, men at

det er viktig med stadig fornying og forbetring. Ved behandling av meldinga gjorde Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber Regjeringen, på bakgrunn av Innst. S. nr. 120 (1999-2000) og Mjøsutvalgets innstilling, på egnet måte komme til Stortinget med nødvendig vurdering av lærerutdanningen»

Departementet har i etterkant av Stortings behandling av St. meld. nr. 12 (1999-2000) og Innst. S. nr. 120 (1999-2000) mottatt ei kartlegging og vurdering frå tidlegare Det norske høgskolerådet ved Nasjonalt råd for lærarutdanning når det gjeld ulike sider ved 4. studieåret i allmennlærarutdanninga. Det blir i brev til departementet blant anna vist til at ny rammeplan for allmennlærarutdanninga medfører ein reduksjon av valfri del av allmennlærarutdanninga frå 30 til 20 vekttal i tillegg til at det blir innført eit styrt val i engelsk 4. studieåret for dei studentar som tar 10 + 10 vekttalseiningar. Tal på studentar som vel å ta 10 vekttal engelsk blir avgjerande for tal på studieplassar ved andre 10 vekttalseiningar. Høgskolerådet meiner at konsekvensen av dette...

«gir færre studentar til dei 10 vekttalseiningane som ikkje er obligatoriske. Desse studieeingane må nedbyggast og fagtilbodet ved høgskolane vil bli smalare. Dette fører til

- at studiefag som er retta mot sentrale skolefag, står i fare for å falle bort som fordjupingsfag (både som 10 og 20 vekttalstilbod).
- at allmennlærarstudentane som allereie har fått færre valfrie vekttal etter ny rammeplan og berre kan velje eitt fag (10 eller 20 vekttal), vil i tillegg få færre fag ved høgskolen å velje mellom. Allmennlærarutdanning vil framstå som mindre attraktiv.
- redusert breidde i fagtilbodet, og færre 10 vekttalseiningar gjer at høgskolane i mindre grad kan imøtekome lærarane sine vidareutdanningsbehov. Lærarane ønskjer tradisjonelt 10 vekttalseiningar som vidareutdanning framfor årseiningar. Høgskolane sitt tilbod til skoleverket blir dårligare.»

Ut frå dette konkluderer det tidlegare høgskolerådet med at ordninga med binding av studentane sitt fagval bør avviklast.

Første studentkullet som gjennomfører allmennlærarutdanning etter ein rammeplan som krev styrt val tar til på sitt 4. studieår hausten 2001. Høgskolane har hausten 2000 kartlagt denne studentgruppa sine ønske for studieåret 2001/2002. Ut frå si kontakt med høgskolane, meiner Universitets- og høgskolerådet i brev til departementet at styrt val ikkje medfører at fleire studentar vel engelsk i 4. studieåret, slik intensjonen med ordninga var.

Statistisk Sentralbyrå har skoleåra 1998-2000 på oppdrag frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet gjennomført intervju av 5447 lærarar i grunnskolen for å kartlegge kva utdanning dei oppgjev å ha i fag som dei underviser i. 48 % av lærarane som underviser i engelsk seier at dei ikkje har utdanning i faget. På ungdomssteget er det om lag 20 % som ikkje har utdanning i faget, på mellomsteget er det 47 % og på småskolesteget 67 %. Av dei lærarane som har utdanning i faget, er det om lag 28 % som oppgjev at dei har 20 vekttal eller meir, 14 % har mellom 10 og 19 vekttal og 10 % har mellom 5 og 9 vekttal. Det er fleire yngre enn eldre lærarar som seier at dei har mindre enn 5 vekttal utdanning i faget.

Samanlikna med dei som underviser i andre fag, kjem engelsk godt ut på ungdoms- og mellomsteget og svakt ut på småskolesteget når det gjeld dei som har 10 vekttal fagutdanning eller meir. Det er få lærarar som seier dei har mellom 5 og 9 vekttal i engelsk samanlikna med andre fag.

3 av 4 forskolelærarar har ikkje formell kompetanse i engelsk. Dei fleste av desse arbeider på småskolesteget.

Statistisk Sentralbyrå har også stilt spørsmål til lærarane om korleis dei vurderer både sin eigen faglege og fagdidaktiske kompetanse i faga som dei underviser i. Lærarar i engelsk har i større grad enn andre vurdert sin eigen faglege innsikt til å vere over middels. Vidare kan det vere grunn til å merke seg at over 90 % av lærarane som underviser i engelsk oppgjev at dei ønskjer å halde fram å undervise i faget.

2 Departementets vurdering

Kartlegginga frå Statistisk Sentralbyrå viser at det er mange lærarar som uttaler at dei ikkje har formell kompetanse i dei faga som dei underviser i. Når det gjeld engelskfaget, er det om lag 50 % som seier at dei ikkje har utdanning i faget. Av dei som har utdanning i engelsk og som underviser på mellom- og ungdomsseget, er det samanlikna med andre fag mange som seier at dei har ei utdanning på 10 vekttal eller meir i faget. På småskoleseget er det derimot få lærarar som oppgjev at dei har utdanning i engelsk samanlikna med andre fag. Dette kan blant anna forklarast med at faget ikkje har vore obligatorisk i allmenn- eller forskolelærarutdanninga. Det er her grunn til å merke seg at engelsk har eit relativt lågt timetal på småskoleseget.

Styrt val i 4. studieåret i allmennlærarutdanninga vart blant anna innført for at ein god del studentar skulle velje engelsk. Kartlegginga som er gjennomført av det tidlegare høgskolerådet og vurderingar som departementet har mottatt frå Norsk Lærerstudentlag og Universitets- og høgskolerådet, kan tyde på at styrt val likevel ikkje vil medføre at mange fleire allmennlærarstudentar enn i dag vel engelsk. Det kan vere at motivasjonen for studentane til å velje engelsk har samanheng med at valfridommen etter ny modell er redusert frå 30 til 20 vekttal og at ordninga med styrt val i 4. studieåret i tillegg medfører at hove til val er redusert til eitt fag.

Vidare kan det synast som ordninga med styrt val har som konsekvens at breidda i valtilbod ved institusjonane på sikt kan bli redusert, i første omgang innan fag som samfunnsfag, praktiske og estetiske fag og naturfag. Dette kan, særleg for dei mindre høgskolane, medføre nedbygging av fagmiljø og påfølgjande redusert breidde både for studentane sitt fordjupingsval 4. studieåret og for lærarar som ønskjer å ta vidareutdanning. Departementet meiner dette kan vere uheldig med tanke på at SSB si kartlegging viser at det er fleire fag i skolen der det er ønskjeleg at lærarane som underviser i faget har høgre fagkompetanse.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet tilrår ut frå dette at styrt val i engelsk ikkje blir innført frå studieåret 2001/2002.

Stortinget si handsaming av Innst. S. nr. 285 (1996-97) og St. meld. nr. 48 (1996-97) viser at engelsk er sett på som eit viktig fag i lærarutdanninga. Departementet vil vurdere nærmare korleis engelskfaget kan organiserast i lærarutdanninga. Det er føremålstenleg å sjå eit slikt arbeid i lys av departementets oppfølging av Innst. S. nr. 120 (1999-2000), der Stortinget ba regjeringa kome tilbake med nødvendig vurdering av lærarutdanninga. For å få eit breiare grunnlag å vurdere lærarutdanninga ut frå, har departementet bedt Norgesnettrådet organisere ei evaluering av førskole- og allmennlærarutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning. Evalueringa blir i hovudsak gjennomført i 2001. På bakgrunn av både denne evalueringa og meldinga om høgre utdanning, vil regjeringa i 2002 leggje fram ei melding om lærarutdanning.

Departementet føreset at utdanningsinstitusjonane har eit tilbod om engelsk både i valfri del av allmennlærarutdanninga og som vidareutdanning. Norgesnettrådet ved Statens lærarkurs vil prioritere faget ved tildeling av midlar til etter- og vidareutdanning for pedagogisk personale i skoleverket, jf. St.

meld. nr. 12 (1999-2000). Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har også støtta forprosjektet «Skolebasert fjernundervisning 10 vekttal engelsk for småskole- og mellomsteget». Det at 90 % av dei som underviser i engelsk seier at dei ønskjer å halde fram å undervise i faget, skulle tilseie at mange er interesserte i å ta vidareutdanning.

Rapporten frå SSB blir følgt opp på eigna måte i departementet. Tiltak retta mot engelsk vil bli sett i samanheng med arbeid for å styrke andre fag.

3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at ei avvikling av ordninga med styrt val 4. studieåret i allmennlærarutdanninga ikkje har økonomiske og administrative konsekvensar.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

til rår:

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 21. desember 2000 om styrt val i 4. studieåret i allmennlærarutdanninga blir send Stortinget.
